

NOTAT

20.09.2021


Vurdering om reguleringsplan for Holldalen massetak utløyer krav til konsekvensutgreiing

Om planområdet og tiltaket

Reguleringsplan for Holldalen massetak skal legge til rette for utvinning av masse. Det blir lagt opp til eit uttak på ca. 20 000 tonn i året. Massetaket skal i hovudsak utvinnast i tunnel, men vil i startfasen vere eit dagbrot.

Området ligg ca. 1,6 km vest for Haukeli, i dalbotnen ved Kjelaåi. Reguleringsplanen skal sikre tilkomst over elva.

Uttaket er konsesjonspliktig, og må i tillegg til plan- og bygningslova med forskrifter, følgje forureiningsforskrifta, minerallova og naturmangfaldslova.



Vurdering etter forskrift om konsekvensutredning §§6 og 8

Omfanget av utvinninga er ikkje så høgt at det slår ut i vedlegg I, punkt 19 (uttak av masse dersom minst 200 dekar samla overflate blir råka, eller samla uttak omfattar meir enn 2 millionar m³ masse), jf. forskrift om konsekvensutredninger § 6b.

Det er derfor ikkje krav om konsekvensutredning med planprogram.

Tiltaket fell inn under vedlegg II, punkt 2 a) *Mineraluttak, herunder torvskjæring*, jf. forskrift om konsekvensutredning § 8a. Det betyr at det er krav om konsekvensutreiing (utan planprogram) dersom tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Forskrift for konsekvensutgreiing §8a opnar for at tiltak som er konsekvensutgreidd kan få unntak frå nytt krav. Området er konsekvensutgreidd i kommunedelplan for Edland/Haukeli. Sjølv om konsekvensutgreiinga på overordna nivå avklarar arealbruksendringa, så er det ikkje gitt at konsekvensane er godt nok utgreidd på tiltaksnivå. Unntaksregelen har derfor ikkje automatisk verknad sjølv om kommunedelplanen er relativt ny, jf. rettleiar for konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova.

Vurdering om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, §10.

Naturmiljø: Området kjem ikkje i konflikt med nokon form for verneverdiar, eller naturmiljø med ein eller annan form for registrert verdi for verken natur, landskap eller friluftsliv. Konsekvensar for vassdraget er vurdert under *auka belastning i område med fastsette miljømål*.

Kulturmiljø: Det er ikkje konflikt med automatisk freda kulturminne. Telemark fylkeskommune vurderte i 2015 at det var lite sannsynleg at det var ukjende automatisk freda kulturminne i området. Det ligg eit par nyare tids kulturminne i planområdet (m.a. grensesteinar). Det blir forventa at ein eventuell konflikt blir avklart i løpet av planprosessen.

Overordna føringar (statleg og regional plan):

Ingen statlege planretningslinjer eller rikspolitiske retningslinjer er direkte relevante for planarbeidet. Det gjeld heller ikkje for dei fleste regionale føringane, med nokre unntak. Tiltaket er i samsvar med regiongeologens målsetningar om kortreiste geologiske byggeråstoff. I regional plan- for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal austhei (Heiplanen) er området sett av til *bygdeutvikling*. Dette blir også vurdert som i samsvar med tiltaket. Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken set konkrete miljømål for Flothyl-Kjelaåi. Dette er drøfta under avsnittet *auka belastning i område med fastsette miljømål*.

Landbruk: Området har ingen landbruksmessig verdi.

Naturressursar: Det er planlagt uttak av migmatittisk gneis. Gneis er svært vanleg, og migmatitt finst fleire stader i grunnfjellsområda i Sør-Noreg.

Reindrift: Området har ikkje funksjon for samisk kultur eller næringsliv.

Auka belastning i område med fastsette miljømål: Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken har definert vassførekomsten Flothylåi-Kjelaåi som sterkt modifisert. Elva er regulert, og det er derfor ikkje mogleg å oppnå god økologisk tilstand. Planen har likevel ei målsetting om at den økologiske tilstanden skal vere god for spesifikke kvalitetselement, slik at økosystemet gjev tilstrekkelege vilkår for fisk. Uttak av masse tett på vassdraget kan gje konsekvensar for miljøkvaliteten i vassdraget. Risikoen for auka ureining og aktuelle tiltak må avklarast med ei eiga utgreiing.

Konsekvensar for helse:

Massetak er ei kjent kjelde for støv og støy. Det er svært lite støvfølsam bruk i nærleiken av massetaket. Dei vestlegaste områda i Haukeli ligg om lag 1,5-2 km frå tiltaket. Det ligg ingen noverande bustader nærare enn Haukelivegen 5630 (ca. 1,6 km), men det er truleg fritidsbustader på Bergås (750 m), Kastet og Urheim. Alle desse adressene er også utsett for støy frå E134, som ligg vesentleg nærare. Støysoneutgreiingar vil bli gjennomført, men det er vurdert at temaet ikkje treng å følgjast opp som eit særskilt konsekvensutgreiingstema.

Ureining av vassdraget kan føre til konsekvensar for den kommunale drikkevasskjelda i Edland i underkant av 5 km frå tiltaksområdet. Det må vurderast om tiltaket kan få konsekvensar for drikkevattnet.

Vesentleg forureining eller klimagassutslepp: Det blir lagt planar for eit elektrisk knuseverk som i hovudsak skal drivast i tunnel. Dette reduserer både faren for utslepp av olje og drivstoff, i tillegg til klimagassutslepp frå «vanlege» hydrauliske knuseverk.

Temaet forureining og klimagassutslepp skal sikrast i planen, men det er vurdert at det ikkje er naudsynt med ei særskilt konsekvensutgreiing.

Risiko for naturfareulykker: Området ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred, steinsprang og flaum. Reguleringsplanen må sikre tilstrekkeleg tryggleik for steinsprang og flaum. Det må også sikrast at elvekryssinga ikkje fører til oppstuving av vatn ved ein eventuell flaum. Det er særleg viktig å sikre at E134 ikkje blir råka av ein flaumsituasjon. Dette må dokumenterast i egne rapportar.

Oppsummering og konklusjon

Notatet viser at det er behov for grundigare utgreiingar av følgjande konsekvensar:

- Vasskvaliteten i elva Flothylåi – Kjelaåi. Det må sikrast at eksisterande tilstand ikkje blir forverra.
- Ureining av drikkevasskjelde i Edland.
- Støy ved utandørs masseuttak
- Tryggleik for snøskred, steinsprang og flaum

Alle desse utgreiingane må gjennomførast som egne rapportar, som både skildrar konsekvens og avbøtande tiltak. Det bør vere tilstrekkeleg at konsekvensane blir skildra i planomtala, så lenge det blir gjort i samsvar med kap. 5 i forskrift om konsekvensutredningar.